



ULSTEIN KOMMUNE



*Barndom har eigenverdi,  
og må verte sett på som  
noko meir enn førebuing  
til vaksenlivet*

## PLAN FOR FØREBYGGING AV OMSORGSSVIKT OG UTVIKLING AV ÅTFERDSVANSKAR



ULSTEIN  
– der baug bryt bære

# BARNEVERNENSREFORMA

Barnevernreforma/oppvekstreforma tredde i kraft 01.01.2022 og gav meir ansvar på barnevernområdet til kommunane.

Bakgrunnen for dette er kommunen sin nærleik til familiane, og innsikt i behova til barna og foreldra. Reforma regulerer først og fremst barnevernet, men måla i reforma vert nådd gjennom endringar i heile oppvekstsektoren i kommunane. Difor er barnevernreforma i realiteten ei oppvekstreform, der kommunane skal legge til rette for tverrfagleg samhandling mellom ulike kommunale tenester og nivå. Denne samhandlinga skal synleggjerast vidare i denne planen. Eit av måla med barnevernreforma er at kommunane skal styrke arbeidet med tidleg innsats og førebygging i heile oppvekstsektoren, og at hjelpa skal verte betre tilpassa behova til barna og familiane.

Det følger av barnevernslova § 3-1 første ledd at det er kommunen som har ansvaret for å førebygge omsorgssvikt og åtferdsvanskar.

Vidare står det i andre ledd at:

*Kommunestyret selv skal vedta en plan for kommunens forebyggende arbeid etter første ledd. Planen skal beskrive hva som er målene for arbeidet, hvordan arbeidet skal organiseres og fordeles mellom etatene i kommunen, og hvordan etatene skal samarbeide.*

Lova legg også vekt på at kommunen skal fremje gode oppvekstvilkår og sørge for å samordne sitt tenestetilbod til barn og familiar.

## INNHALD

Planen synleggjer det førebyggjande arbeidet i kommunen. Han bidreg til å sikre likeverdige, føreseielege og samordna tenester for sårbare barn, unge og deira familiar. Han skildrar målet for det førebyggjande arbeidet og korleis det er organisert. Planen hjelper oss i arbeidet med å verte medvitne på dei utfordringane vi har, og kva vi må fokusere på i framtida når det kjem til førebygging og tidleg oppdaging av utsette barn og unge.

### Planen skal innehalde

- overordna mål og strategiar for heilskapleg tenestetilbod i kommunen
- ansvarsfordeling mellom etatane
- organisering av oppgåver og samhandling

## FØREMÅL

Ulstein kommune skal vere ein trygg og god stad å vekse opp, og alle barn og unge skal få den hjelpa dei treng. Foreldra er oftast dei beste til å vareta dei kjenslemessige behova til barna, og til å legge til rette for meistring og utvikling. Førebygging av omsorgssvikt handlar i stor grad om familiestøtte, og oppvekstreforma seier at kommunen skal tidlegare inn med breiare tiltak utanfor barnevernet. Å jobbe godt med førebyggjande arbeid og tidleg oppdaging av vanskar og problemutvikling, er viktig for at alle barn og unge i Ulstein skal ha det bra. Vi må ta sikte på å fremme sunne barn og unge som handterer framtidige utfordringar og risiko.

Side 2	Barnevernreforma
Side 2	Innhald
Side 2	Føremål
Side 3	Utfordringsbilde
Side 4–5	Strategi
Side 6–9	Universell, selektiv og indikert førebygging
Side 10	Samhandling
Side 11	Konsekvensar
Side 11	Framtidsbildet



# UTFORDRINGSBILDE

## UNGDATA

Ulstein gjennomførte Ungdata-undersøkingar frå 5. klasse og opp til tredje året på vidaregåande i 2022. Samanlikna med landssnitt og dels nabokommunar, så svara ungdom i Ulstein at det er mykje dei er nøgde med både når det kjem til seg sjølv og omgjevnadane. Trenden viser derimot at ungdom ikkje har det like bra som sist undersøking i 2019. Samanlikna med andre er ikkje dette særleg urovekkande, men det er ei utvikling vi ikkje ønsker skal fortsette.

## AUKE I PSYKISKE LIDINGAR

I primærhelsetenesta er talet på personar som søker hjelp for psykiske plager aukande. I 2012 hadde tenesta for psykisk helse og rus i Ulstein om lag 90 brukarar til ei kvar tid, medan i 2022 følger tenesta opp om lag 180 brukarar. Auken i kontakt med primærhelsetenesta fell saman med igangsettinga av samhandlingsreforma i 2012, som flytta meir ansvar for psykisk sjuke til fastlege og kommune. Generelt har vi sett ei auke i psykiske lidningar og tilvisingar til distriktpsikiatrisk senter, barne- og ungdomspsikiatrisk poliklinikk, pedagogisk- psykologisk teneste og ulike hjelpetelefonar.

## BARN SOM PÅRØRANDE

Når vi ser ein auke i personar med psykiske lidningar er det naturleg at det vert ein auke i barn som pårørande. Barn som veks opp med psykisk sjuke, somatisk sjuke eller rusavhengige foreldre, opplever eit spekter av bekymringar, og har høgare risiko for å utvikle psykiske, sosiale og åtferdsmessige problem enn andre barn. Barna har også større risiko for å oppleve konfliktfylte familiesamspel, dårlegare foreldrefungering og omsorgssvikt.

## FLYKTNING OG INKLUDERING

Som konsekvens av krigen i Ukraina vart asylmottaket i Ulstein gjenopna i 2022 med 200 plassar. I tillegg tok Ulstein kommune på seg å busette 135 flyktningar same år, i motsetning til det vanlege på om lag 20–35 flyktningar. Hovudvekta av dei busette flyktningane frå Ukraina er mødrer med barn 0-18 år. Denne auken i talet på flyktningar utfordrar tenestetilbodet til kommunen.

## RADIKALISERING

På 1990-tallet var det norske trusselbildet relativt oversiktleg med små ekstremistiske miljø. I Noreg i dag er desse miljøa meir komplekse. Det er særleg tre utfordringar som gjer det krevjande å førebygge og motverke radikaliserings- og valdeleg ekstremisme. Det gjeld auka bruk av internett og sosiale medium, internasjonale forhold og auka polarisering mellom ulike grupperingar. Dette gjeld på lik linje i Ulstein, som i resten av landet.

## LÅGINNTEKTSFAMILIAR


I Ulstein bur 8,7 prosent av barna i hushaldingar med vedvarande låginntekt etter lokale låginntektsgrenser. Å vekse opp i fattigdom påverkar liva til barn og unge. Jo høgare sosioøkonomisk status familien har, jo betre er livssituasjonen for barna. Problema aukar jo færre økonomiske og sosiale ressursar familien har.

## BARNEVERN

Tal på bekymringsmeldingar til barneverntenesta har auka frå 55 i 2014 til 108 i 2021. Barneverntenesta erfarer at fleire av barna dei får melding om uro for, av ulike årsaker har alvorlege psykiske vanskar som gjer det krevjande for foreldra å gi barna god nok omsorg og oppfølging. Dette utfordrar barnevernet med tanke på tverrfagleg samhandling, både internt i kommunane og med helseføretak og statleg barnevern. Mange av hjelpetiltaka som barneverntenesta tidlegare har ytt til desse familiene vert det no kommunen lokalt som må ta ansvar for.

## FINANSIERING AV FØREBYGGANDE TILTAK

Mange av dagens førebyggjande tiltak i Ulstein er bygd opp og drive med prosjektmidlar frå Helsedirektoratet, Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, Utdanningsdirektoratet og Statsforvaltaren. Dette er midlar vi må søke om årleg. Om desse avsluttar støtta med prosjektmidlar kan det verte ei utfordring for kommunen å halde oppe dei gode førebyggjande tiltaka som er sett i verk.



# STRATEGI

Plan for førebygging tek utgangspunkt i levekårsplanen og den heilskaplege innsatstrappa som alle- reie er satsingsområde i kommunen.

## LEVEKÅRSPLAN 2020–2032

Ulstein kommune har valt ut følgande hovudmål- område for å skape gode levekår for perioden 2020– 2032.

### 1. GOD HELSE I ALT VI GJER

Ulstein kommune skal arbeide med helsefremjande og førebyggjande tiltak for å oppnå god folkehelse, motverke utanforskap, redusere risikoen for sjukdom og tidleg død og for å møte helseutfordringar i fram- tida.

### 2. GODE OPPVEKSTVILKÅR FOR BARN OG UNGE

Alle barn og unge i Ulstein kommune skal leve under tilhøve som fremjar tilhørslø, læring, livs- meistring og deltaking i fellesskapet.

### 3. EIT LEVANDE KULTURLIV

Ulstein kommune skal ha eit levande og variert kulturliv og eit attraktivt kulturtilbod. Kultur skaper identitet, trivsel og bulyst, og er eit viktig element med tanke på vekst og utvikling i heile kommunen.

### 4. GODE BY- OG NÆRMILJØ

Vidareutvikling av gode by- og nærmiljø i heile kommunen som skaper gode levekår.

I Ulstein skal vi jobbe på tvers av fagfelt, sektorar og politisk ståstad for å fange opp dei som treng hjelp eller støtte. God samhandling mellom helseteneste, barnehage, skule, heim og fritid er naudsynt for å bygge laget rundt barnet.

**I levekårsplanen er det lagt til grunn fem arbeidsprinsipp som skal vere med oss når tiltak og strategiar vert vurdert og sett ut i livet:**

1. Berekraftig utvikling: Alt vi gjer skal vere berekraftig på kort og lang sikt.
2. Samskaping: Vi skal bygge nye partnerskap og samsarbeidsmodellar.
3. Medverknad: Alle skal få høve til å seie meininga si.
4. Inkluderande samfunn: Vi skal bygge eit samfunn med plass til alle, der alle kjenner at dei høyrer til.
5. Tidleg innsats: Vi skal avdekke utfordringar, og sette inn rett og nok innsats så tidleg som mogleg.



## HEILSKAPLEG INNSATSTRAPP

Helse- og omsorgstenestene ilag med oppvekst og kultur i Ulstein, har utvikla ei felles heilskapleg innsatstrapp der trinna indikerer graden av inngripen i folk sine liv. Føremålet er ein felles modell for å styre aktivitet, og fordele økonomi/innsats frå dei høgste trinna i trappa til meir eigenmeistring og førebyggjande tiltak på dei nedste trinna.

Slik skal vi nå visjonen om at kommunen må jobbe smartare for å møte dei auka behova i framtida.

Kommunen som heilskap må stå saman i endringsarbeidet



### 12. Bustad og institusjon – spesialiserte plassar

– avlastningsbustader og bustader med forsterka tenester

### 11. Institusjon

– langtidsplassar for pleie, medisinsk oppfølging og behandling

### 10. Bustader med moglegheit for heildøgntenester

– samlokaliserte bustader med fellesareal og areal for personalbase

### 9. Tidsavgrensa opphald i institusjon

– rehabilitering, utredning, avlastning og kommunal akutthjelp

### 8. Bustader med fellesfunksjonar

– nye buformer, samlokaliserte bustader med moglegheit for oppsøkande tenester

### 7. Helsehjelp til heimebuande

– målretta og fleksible tiltak

### 6. Leve godt i eigen heim

– pårørandestøtte, habilitering, praktisk opplæring og hjelp

### 5. Kommunalt disponerte bustader

– utleigebustader og bustader med kommunal tilvising og tildelingsrett

### 4. Tilrettelagt arbeid, opplæring og aktivitet

– meningsfull kvardag

### 3. Tidleg innsats

– meistring i kvardagen

### 2. Helsefremmande og førebyggjande aktivitet

– deltaking og sjølvstende

### 1. Aktive lokalsamfunn

– tilhøyrslø, inkludering og trivsel

# FØREBYGGING

Vi skil mellom **universell**, **selektiv** og **indikert** førebygging. Universell førebygging omfattar innsats retta mot heile befolkningsgrupper utan at det er identifisert individ eller grupper med forhøgd risiko. Selektiv førebygging er tiltak retta mot grupper med kjent og/eller forhøgd risiko for å utvikle problem.

Slike tiltak skal motverke negativ utvikling hos barn og unge og/eller deira føresette. Indikert førebygging er tiltak retta mot individ med høg risiko eller klare teikn på problem.


Tidleg førebyggande innsats kan verte sett inn på alle nivå (rundskriv Q-16/2013 og Bufdirs tenestekatalog – hjelptiltak).

Kommunane har eit breitt spekter av verkemiddel i det førebyggande arbeidet gjennom tiltaka og tenestene sine. Det kommunale ansvaret for førebygging av omsorgssvikt og åtferdsvanskar omfattar både generelle førebyggande tiltak (universell førebygging) og tiltak som er retta mot bestemte grupper (selektiv førebygging). Indikerte tiltak/behandling er det barneverntenesta, fastlege og spesialisthelsetenesta som har ansvar for. Ei slik inndeling har ofte glidande overgangar og nokre tiltak vil passe under fleire kategoriar.

## Behandling



## Førebygging



### INDIKERTE/BEHANDLING

Fastlege, barnevernet, spesialisthelsetenesta (BUP og DPS)

### SELEKTIVE

Fastlege, psykisk helse-tilbod for barn, unge og vaksne, kommune-psykolog, PPT, familie-vern

### UNIVERSELLE

Fastlege, barnehage, helsestasjon, frivillige organisasjonar

# UNIVERSELL førebygging

TILTAK	SKILDRING	ANSVARSRÅDE
FASTLEGE	Alle innbyggjarar i Ulstein har rett på ein fastlege	Helse og omsorg
JORDMORTENESTE	Alle gravide i Ulstein får tilbod om oppfølging av jordmord i svangerskapet	Helse og omsorg
FORELDREFØREBUANDE KURS	Alle komande foreldre får tilbod om gratis foreldreførebuande kurs/ Godt samliv-kurs	Helse og omsorg
BARNEKONTROLL	Ulstein helsestasjon følger helsestasjonsprogrammet og tilbyr alle barn 0–5 år regelmessig kontroll og oppfølging	Helse og omsorg
BABYMASSASJE	Alle foreldre med spedbarn (om lag 6 veker–5 månader) får tilbod om kurs i baby massasje	Helse og omsorg
COS-P-KURS (tryggleikssirkelen)	Alle foreldre kan melde seg på gratis kurs i foreldrerettleiingsprogrammet COS-P	Helse og omsorg
ICDP	Alle nykomne flyktingar mellom 18–55 år, som er eller skal verte foreldre, skal gjennomgå foreldrerettleiingsprogrammet ICDP (International Child Development Program)	Oppvekst og kultur
BARNEHAGE	Alle barnehagane i Ulstein jobbar ut frå eit felles verdigrunnlag og etter rammeplan for barnehage	Oppvekst og kultur
GRUNNSKULE	Alle skulane arbeider ut frå eit felles verdigrunnlag og læreplanen	Oppvekst og kultur
SKULEFRITIDSORDNING	Fritidstilbod utanom den ordinære skuledagen. Skal styrke det totale oppvekstmiljøet for barn frå 1.–4. trinn	Oppvekst og kultur
SKULEHELSETENESTE	Helsesjukepleiar er til stades på alle barneskular, ungdomsskolen og den lokale vidaregåande skulen	Helse og omsorg
HELSESTASJON FOR UNGDOM	Gratis lågterskeltilbod for ungdom i alderen 13–20 år	Helse og omsorg
MOT	Program for å utvikle robuste ungdommar og inkluderande klassemiljø	Oppvekst og kultur
BELL UNGDOMSKLUBB	Ein uformell og rusfri treffstad for og ilag med ungdom (8.trinn–18 år). Følgjer MOT-programmet	Oppvekst og kultur
ULSTEIN KULTURSKULE	Opplæring innan musikk, kunst og dans	Oppvekst og kultur
UNG I ULSTEIN/UNG ARENA	Arrangerer open hall minst éin kveld i månaden. Ope spelerom (gaming) kvar måndag. Vaksne til stades	Oppvekst og kultur
FRIVILLIGE ORGANISASJONAR	Ulstein kommune legg til rette for samhandling med idrettslag og andre frivillige organisasjonar som arbeider for å fremje barn og unge si fysiske og psykiske helse	Oppvekst og kultur
PPT – ORGANISASJONSRETTA	Kompetanseheving og organisasjonsutvikling i barnehage og skule	Oppvekst og kultur
FOLKEHELSEKOORDINATOR	Jobbar førebyggjande på fleire nivå	Kommunedirektør
SAMHANDLING AV LOKALE RUS- OG KRIMINALITETS-FØREBYGGANDE TILTAK (SLT)	Jobbar førebyggjande på fleire nivå	Kommunedirektør
KOMMUNEPSYKOLOG	Bidreg til å styrke det helsefremmande og førebyggjande arbeidet i kommunen, og støtte det tverrfaglege samarbeidet. S	Helse og omsorg
LIVSMEISTRING I NYTT LAND	Nykomne flyktingar mellom 18–55 år har modulen "Livsmeistring i nytt land" som obligatorisk i introduksjonsprogrammet	Oppvekst og kultur
FLEIRKULTURELLE SAMFUNN	Ulstein kommune legg til rette for samhandling med alle trussamfunn og arbeidet deira med førebyggjande tiltak	Alle etatar og politisk

# Universell førebygging – føreslegne tiltak

TILTAK (alfabetisk)	SKILDRING	ANSVAR SOMRÅDE
COS-P I ALLE BARNEHAGAR	Samarbeid med barnehagane om regelmessige COS-P-kurs for føresette	Helse og omsorg saman med oppvekst og kultur
GODT SAMLIV-KURS	Samlivkurs til førstegangsforeldre	Helse og omsorg
LIVET OG SÅNN	Folkehelse og livsmeistring som tverrfagleg tema i skulen	Oppvekst og kultur saman med helse og omsorg
PPT	Kurs i samarbeid med psykolog – for førstegangs-/ småbarnsforeldre om barns utvikling, grensesetting og det å vere autoritative foreldre. Også foredrag om korleis rus påverkar hjernen, kor viktig det er med nok søvn, gode rutinar og sunn mat også på ungdomsskulen og vidaregåande skule.	Oppvekst og kultur saman med helse og omsorg
SOMMARCAMP	Årleg aktivitetstilbod for barn og unge i sommarferien	Oppvekst og kultur
VEDLIKEHALD OG EVALUERINGSRUTINAR	Regelmessig vedlikehald og evaluering av eksisterande førebyggjande tiltak	Alle etatar, politisk og samhandlingspartar

# SELEKTIV førebygging

TILTAK (alfabetisk)	SKILDRING	ANSVAR SOMRÅDE
«ALLE MED»/KONTANTKASSA	Økonomisk støtteordning slik at alle mellom 6–18 år kan delta på organiserte fritidsaktivitetar	Oppvekst og kultur
BARNEBLIKK	Utvida oppfølging til gravide og småbarnsfamiliar med minst eit barn under 2 år, der familien er utsett for rus eller psykiske vanskar	Helse og omsorg
BARNEKOORDINATOR	Barn med behov for koordinerte tenester har rett på ein koordinator	Helse og omsorg saman med oppvekst og kultur
BARNEVERN	Deltek på tverrfaglege møter i alle barnehagar og i samhandlingsmøte med helsestasjonen	Oppvekst og kultur saman med helse og omsorg
BUP-MØTER/SMÅBARNSTEAM	Samhandling mellom barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk (BUP) og helsestasjonen. Andre deltakarar kan vere foreldre, barnehage, lege, barnevern og liknande	Helse og omsorg saman med oppvekst og kultur
KOORDINERANDE EINING	Tilbod til personar med behov for koordinerte teneste	Helse og omsorg
EKSTRA FORELDRESAMTALE	Ved utfordringar kan det gjennomførast ekstra foreldresamtalar i barnehage og skule	Oppvekst og kultur
FAMILIEVERNKONTORET	Rådgiving og samtalar ved vanskar, konflikt eller kriser i familien	Familievernkontoret/ helse og omsorg
FASTLEGE	Alle innbyggjarar i Ulstein har rett på ein fastlege	Helse og omsorg
INKLUDERING OG MANGFALD I ULSTEIN	Flyktingteneste, vaksenopplæring, spesialpedagogikk og logoped	Oppvekst og kultur
KRISESENTER FOR SUNNMØRE	Døgnoppe tilbod for barn, kvinner og menn som er eller har vore utsett for vald i nære relasjonar	Helse og omsorg
MARTE MEO	Rettleiingsmetode for å jobbe med samspel og kommunikasjon, i hovudsak mellom foreldre og barn	Helse og omsorg
NAV	Ansvar for organisering og finansiering av arbeidsmarknadstiltak, trygdeytningar og sosialhjelp. Nav er spesielt merksam på oppvekstvilkåra til barn og unge	Nav/helse og omsorg



<b>PMTO-RÅDGIVING</b>	Rettleiingsmetode for foreldre med barn (3–12 år) med samhandlingsvanskar og/eller begynnande åtferdsproblem	Helse og omsorg
<b>PPT</b>	Kompetanseheving og organisasjonsutvikling i barnehage og skule	Oppvekst og kultur
<b>TENESTA FOR PSYKISK HELSE OG RUS</b>	Oppfølging til personar med utfordringar knytt til psykisk helse og rus	Helse og omsorg
<b>TVERRFAGLEG TEAM</b>	Samhandlingsmøte i alle barnehagar og skular der helsestasjon og barnevern deltek	Helse og omsorg saman med oppvekst og kultur

## Selektiv førebygging – føreslegne tiltak

TILTAK (alfabetisk)	SKILDRING	ANSVARSRÅDE
<b>BARN OG UNGES HELSETEAM</b>	Tverrfagleg team som følger opp barn og unge med utfordringar knytt til psykisk helse og/eller rus, og nettverket rundt	Helse og omsorg saman med oppvekst og kultur
<b>BARN OG UNGES HELSETENESTE</b>	Samhandlingsforløp for dei sju vanlegaste psykiske helseplagene hos barn og unge	Helse og omsorg saman med oppvekst og kultur
<b>KOMPETANSEHEVING FORELDRERETTLEIING</b>	Utdanne fleire PMTO-terapeutar, eventuelt terapeutar innan andre retningar	Helse og omsorg
<b>SOMMARJOBB TIL UNGDOM</b>	Bidra til at ungdom får arbeidserfaring gjennom sommarjobb	Oppvekst og kultur saman med helse og omsorg

# INDIKERT førebygging

Indikert førebygging er strategiar og tiltak retta mot enkeltpersonar der risikofaktorar og/eller konkrete problem er observert eller opplevd.

Barneverntenesta, helse- og omsorgstenesta og spesialisthelsetenesta har gode tiltak retta mot vanskar hos barn/unge/familien. Barneverntenesta har ansvar for å iverksette hjelpetiltak når barnet

eller familien sitt behov for hjelp har ein samanheng med omsorgssituasjonen eller åtferda til barnet.

Dei skal ikkje kompensere for manglande innsats frå andre sektorar. Tidleg førebyggjande innsats kan settast inn på alle nivå. Kunnskap om risiko og beskyttelse er føresetnad for å kunne sette inn tiltak tidleg, før problem utviklar seg.



# SAMHANDLING

Tverrfagleg samhandling er ein føresetnad for å kunne gi barn og unge rett hjelp til rett tid. Tverrfagleg samhandling er eit felles ansvar, og alle tilsette som arbeider med barn, unge og familiar skal samarbeide om å gi eit heilskapleg og koordinert tilbod.

Kommunen har eit ansvar for at dei kommunale velferdstenestene tilbyr og yter tenester dei har ansvar for etter lova, og for at tenestene samhandlar slik at tilbodet vert heilskapleg og koordinert. Plikta til å samhandle er nedfelt i dei enkelte velferdslovene: barnevernlova, helse- og omsorgstenestelova, barnehagelova, opplæringslova, friskulelova, sosialtenestelova, krisesenterlova og integreringslova.


## BETRE TVERRFAGLEG INNSATS

Ulstein har sidan 2019 jobba med betre tverrfagleg innsats (BTI) for å styrke samhandlinga mellom tenestene, og lage eit system for å betre fange opp risikoutsette barn og unge. BTI er ein samhandlingsmodell for tenester som møter gravide, barn, unge og foreldre det er knytt uro eller bekymring til.

Målet med BTI modellen er å kvalitetssikre heilskapleg og koordinert innsats utan at det blir brot i oppfølginga. [Arbeidet har resultert i ein portal](#) som ligg tilgjengeleg på kommunen sine heimesider, og som skal vere førande for alt arbeid med risikoutsette barn og unge.

## GOD OPPVEKST I ULSTEIN

«God oppvekst i Ulstein» er eit utviklingsarbeid som vart starta i 2021. Oppvekst- og kulturetaten og helse- og omsorgsetaten har gått saman om eit arbeid der målet er å gi heilskapelege tenester til barn og unge som veks opp i Ulstein. Alle etatar som yter tenester til barn og unge skal handle ut frå vurderingar om kva som er til barnets beste. Ved å samarbeide på tvers av fag og organisering skal vi sikre at rett kompetanse kjem tettare på der barn og unge er. Det handlar om å bygge laget rundt barnet og slik sørge for at alle barn og unge får ein trygg og god oppvekst, der dei får ut potensialet sitt, og nødvendig kompetanse til å møte eiga framtid.



I tillegg har Ulstein mange arenaer for samhandling, mellom anna:

SAMHANDLINGSARENA	SKILDRING
LEIARFORUM BARNEHAGE	Samhandling mellom styrarane i alle barnehagane i Ulstein
REKTOR- OG SKULELEIARMØTE	Samhandling om drift og utvikling av skulane
NÆRGRUPPEMØTE	Vert brukt dersom eit barn har behov for ekstra oppfølging
KOORDINERTE MØTE/ANSVARSGRUPPEMØTE	Ved behov for møte med fleire instansar enn ved eit nærgruppemøte får barnet/ungdommen oppnemnt ein koordinator
TORS DAGSMØTE	Møte mellom kommunalsjef helse og omsorg, kommunalsjef oppvekst og kultur, i tillegg til leiarar for helsestasjon, barnevern, PPT, Nav, koordinerende eining, og også barnehagekonsulent og kommuneoverlege. Her drøftast saker som gjeld barn og unge sine oppvekstvilkår
SLT-KOORDINERINGSGRUPPEMØTE	Representantar frå ulike etatar og fagavdelingar samhandlar om rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak. Ulstein og Hareid har felles SLT-koordineringsgruppe
LEIARSAMLINGAR	Ulike samlingar med leiarar med fokus på informasjon, opplæring og kunnskapsdeling
KOMMUNEDIREKTØREN SI LEIARGRUPPE	Kommunedirektør, dei fire kommunalsjefane, økonomileiar, personaleiar og leiar i Ulstein Eigedomsselskap KF
SAMHANDLINGSMØTE	Kommunedirektør, personaleiar, kommunalsjefar (etter behov) hovudverneombod og hovudtillitsvalde deltek her
POLITIRÅD (FELLES FOR ULSTEIN OG HAREID)	Samhandling mellom kommune og politi i rus- og kriminalitetsførebyggjande arbeid


# KONSEKVENSNAR

I plan for førebygging er det ein gjennomgåande tanke at dess tidlegare innsats dess betre effekt får vi av ressursane vi nyttar.

## HECKMANS KURVE

James Joseph Heckman er ein amerikansk økonom og nobelprisvinnar som har utvikla Heckmans kurve.

Denne viser at dess tidlegare investeringar vi gjer i barns liv, dess betre avkastning får vi. Dersom vi investerer i kvalitet og utvikling blant barn i deira tidlegaste barndom, sjølv før fødsel, får vi 7–10 prosent avkastning på investeringa kvart år. Dette fordi barnet vil få ei betre utdanning, betre helse, betre produktivitet og vil utøve mindre kriminalitet.



# FRAMTIDSBILDET

I framtida brukar Ulstein kommune ressursane sine primært til førebyggande arbeid, og arbeidar godt med dette. Vi sørger for at alle barn og unge vert ein del av eit oppvekstmiljø som fremjar identitet, læring og livsmeistring gjennom deltaking og inkludering i fellesskapet. Tenestene samhandlar godt og føremålstenleg på tvers av etatar for å i fellesskap yte god hjelp og støtte. Familiar som har vanskar og behov



for tiltak skal få desse i sin eigen kommune, av tilsette som har god kompetanse på området. Der det er naudsynt samhandlar desse for å yte gode og samordna tenester til familiarne. Ved å arbeide på denne måten vil vi sjå reduksjon i utanforskap, at fleire fullfører skulegang og at det vert mindre behov for plassering av barn utanfor heimen. Vi førebygger framfor å reparere.

Vi førebygger framfor å reparere

## DAGENS SITUASJON

## BARNEVERN-/OPPVEKSTREFORMA

**Lilla/toppen:** plassering utanfor heimen/innlegging  
**Lyseblått/midten:** barnevern  
**Mørk blå/botnen:** grunntenester (barnehage, skule, helsestasjons-tenester, lågterskeltenester)





ULSTEIN KOMMUNE

Postboks 143

6067 Ulsteinvik

Tlf. 70 01 75 00

[www.ulstein.kommune.no](http://www.ulstein.kommune.no)

[facebook.com/ulsteinkommune](https://facebook.com/ulsteinkommune)

[instagram.com/ulsteinkommune](https://instagram.com/ulsteinkommune)

Illustrasjonar: pixabay.com